



STRANDEBARN



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 2 • JUNI 2023
84. ÅRGANG



Fire sokn - ei kyrkje

Samla til eit bladrike
Side 3

Konfirmantane 2023
Side 8 - 9

St. Nikolai-gildet i Øystese
Side 10

Tid for plenstått
Side 15

FRAMSIDA

Den norske kyrkja i Kvam samla i eit og same kyrkjeblad. Her er sokneråds-leiarar Kåre Milje, Ragnhild Norheim, Kjell Dysvik, og Ingvill Sørheim framfor kyrkja i Norheimsund.

YNSKJER DU GRAVSTELL?

Fellesrådet sine tilsette steller graver for mange - men har kapasitet til meir.

Ring kyrkjekontoret for prisar og info, tlf. 474 83 120. Eller sjå våre heimesider på kyrkja.no/kvam



Den norske kyrkja i Kvam

LEIAR

Samla til eit bladrike

Med dagens kyrkjeblad har ein ny, liten æra teke til: heile Kvam er samla i same kyrkjeblad. Strandebarm har halde seg med sitt eige blad heilt fram til no, - og ære vere dei som har stått i bresjen og sytt for formidling av lokal kultur og trusliv! Når no tida var inne til ei samanslåing, er det med ikkje så lite ærefrykt at redaktøren prøver sy saman eit blad som skal femna heile kommunen vår.

Det er lange liner me snakkar om her: frå at Strandebarm i si tid var eigen kommune, eige prestegjeld, via kommunesamanslåing, endring av prestegjeldsgrenser, opphevinga av heile prestegjeldet, - og til dagens situasjon, der me er integrerte i kvarandre – heile Kvam. Prosessane har gått sin gang, ofte med motstand på mange hald, men som oftast har motstanden vore fåfengt. Den sentrale kyrkjemakt har køyrt sitt løp, og langsamt strippa oss for både sjølvstende og ressursar. Soknepresten

Olav Skeie Lid

Redaktør



i Strandebarm høyrer historia til, i dag har Strandebarm sokn og Vikøy sokn felles sokneprest. Øystese sokn og Ålvik sokn deler på same måte på den andre soknepresten vår.

Men midt i alle endringar og prosessar er kyrkja vår den same. Trygt og solid ligg ho og rir stormane av, slik den har gjort i århundre. Også den må tola endringane sin vind når den bles, og ikkje alltid skjer det utan at det riv litt i ufsene. Men kyrkja står.

No ynskjer me Strandebarm velkomne inn i Kyrkjeblad for Kvam! Dei har vore ein integrert del av kyrkja i Kvam i mange tiår, men med eiga soge, og altså heilt fram til no: eige kyrkjeblad. Me vil gjera vårt for at stoff frå Strandebarm får sin rettmessige del av bladet – og har du noko på hjarta, så er telefonen og mailen inn til redaktøren alltid open.



KYRKJEBLAD FOR KVAM

Utgjevar:

Vikøy, Øystese, Ålvik og Strandebarm sokneråd

Ansvarleg redaktør:


Olav Skeie Lid, epost: ol485@kyrkja.no

Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri



Kontingent:

Friviljug / kr. 350,-

Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gåver
Vipps #584927

Annonsar:

Kontakt redaksjonen

Opplag:

4100 pr. nummer. Fire nummer i året.

Tips til stoff:

Send til oslid@live.no



DEN NORSKE KYRKJA
Kvam kyrkjelege fellesråd

Telefon:

414 00 035 / 474 83 120

E-post:

post.kvam@kyrkja.no

Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje,
Kyrkjev. 40, Norheimsund

Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

Informasjon om våre tenester, kontakt- informasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:

www.kyrkja.no/Kvam



Den norske kyrkja i Kvam



@kyrkjerikvam

**Gåver kan du også gje ved bruk av
appen Vipps, søk opp det einskilde
sokneråd.**

Kyrkjevevja i Kvam:

Fungerande kyrkjevevja i Kvam:

Olav Skeie Lid, tlf 41400035,

epost: ol485@kyrkja.no

Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Vetle Karlsen Eide,

vk267@kyrkja.no, tlf. 400 35 356

Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Roar Strømme,

rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

Kvam kyrkjelege fellesråd:

Lisbeth Henriksen,

lissyhen69@gmail.com

Rådsleiarar Strandebarm sokn:

Kåre Milje,

kaa-milj@online.no

Vikøy sokn:

Ingvill Sørheim,

ingvill.sorheim@framnes.vgs.no

Øystese sokn:

Kjell Dysvik,

kjell.dysvik21@gmail.com

Ålvik sokn:

Ragnhild Irene Nordheim,

ragnhild.nordheim@gmail.com

Organisasjonsnummer

Kvam kyrkjelege fellesråd:

976 995 082



La ikke hjertet bli grepet av angst!

Vil du skrive andakt inn til kyrkjebladet? spurte kirkevergen meg en gang ... hmm ... jeg kan det, sa jeg, dersom kollegaen min som du spurte tidligere ikke skal gjøre det. Jeg ble glad for at jeg ble spurt om dette, men hva skal jeg skrive om? Hvor skal jeg begynne? Men hva om jeg deler fra noe som jeg bare opplever i det daglige?

Godt at våren er på plass igjen og vi rusler og går mot sommeren. Naturen gir oss tegn om nytt liv som har vært gjemt eller vekke hele vinterperioden. Veldig fint med lengre lyse dager, sola og varmen og fuglene som synger tidlig på morgnen. Så kommer det litt regn innimellom for at ikke det blir bare tørt, og ikke minst for plantene som trenger det for å blomstre. Livet vårt har også ulike faser og farger slik årstiden er, en blanding av ned- og oppturer. Hvis vi spør oss selv om hvordan livet er, -hva kan vi svare? Er livet kjipt, trist, urettferdig ... eller veldig bra, greit nok eller bare ok? På et terningkast mellom 1 til 6, ville du gi 6, - eller tør du kanskje ikke kaste terningen engang? Uansett hvilket svar du har, så er det greit, ingen fasit på det. Ingen får lov til å dømme deg for det, vi er alle ulike og alle med stor verdi. Men er det noe forskjell på det å ha Jesus i møte med vanskelige tider i livet? Eller er det sånn at alt skal være perfekt når vi tror på Jesus? Tvert imot kan livet være tøft nettopp fordi vi tror på Jesus. Vi lever i en verden med så mye urettferdige hendelser rundt oss, krig og sult, maktmisbruk, politisk uro osv ... Hvilken fordel har jeg, som kristen, midt i alt dette? Ved å kalle seg selv kristen har én tatt sitt eget valg om å følge Jesus, å tro på at én kan egentlig ingenting for å redde seg selv, men at Jesus døde for oss for å redde oss og gi oss et nytt liv. I Jesus kan vi derfor holde oss fast på det som han sier i Joh 14,1 «La ikke hjertet bli grepet av angst. Tro på Gud og tro på meg», tross alt som skjer. Dette sa Jesus til disiplene den gangen da de var uro i sine hjerter angående Jesus som skal dø. Vanskeligere er det å huske på disse ordene når store utfordringer kommer, enn når alt skinner. Og Jesus tok ikke oss ut av verden, men Gud som er trofast skal holde oss og be-

vare oss fra det onde midt i alt som skjer. Det er det som gjør forskjellen, at Jesus er med på vårt lag. Han er den som gir styrke i møte med utfordringer, men også i han kan vi ha glede når alt går bra. Det er opp til oss å bevare våre hjerter for ikke å bli grepet av angst. I Jesus kan vi finne fred.

Så kom denne sangen her på slutten:

«Livet er herlig, livet er bra
Jeg har jo grunn til å være glad
Gud er min Far,
Tenk hvilket liv jeg har!
Selv om jeg møter motgang iblant
Så vet jeg at det Han sier er sant
Han gjør meg glad
Derfor har jeg det bra»,

Dette er Børud-gjengen! Det er en sang som jeg først hørte i barndommen min da jeg var på Madagaskar, uten å skjønne hva teksten egentlig sier og betyr. Ja, på Madagaskar, der jeg kom fra og vokste opp. Jeg kommer fra en kristen familie, og Gud

har alltid vært viktig i familielivet vårt. Min far jobbet sammen med en norsk misjonær, som hadde med seg familien i denne samme bygde vi bodde i. Da jeg var rundt 5-6 år, reiste de tilbake til Norge og vi fikk noen ting fra dem som de ikke kunne ta med seg hjem ... blant annet lyd-kassetten av Børud-gjengen. Det er ikke hver dag man føler at livet er bra og slik er det bare. Livet kan være tøft også iblant. Men det hindrer meg ikke til å være takknemlig til Gud for det Han er og gjør. Gud er den samme i går, i dag og til evig tid. Verden endrer seg, ting kan gå galt, men Gud er uforanderlig og jeg kan holde meg fast på det Jesus sier «La ikke hjertet bli grepet av angst. Tro på Gud og tro på meg». Lite visste jeg at senere i livet ville jeg forstå mer av hva sangen «livet er herlig, livet er bra» vil si. Og ikke minst at jeg skulle møte disse misjonærene igjen. 25 år senere møtes vi igjen hjem hos en prest i Øsytese, der vi bor i dag. Livet er fult av overraskelser, store og små, som Gud kan bli involvert i, om du vil det.



Lyd og ulyd i kyrkjelyden i Norheimsund

Spørsmåla og klagesongane har vore mange gjennom dei 35 åra Norheimsund kyrkje har fått vore samlingsstad for gudstenester, gravferder og konsertar: kan det gjerast noko for å betra lyd-opplevinga for dei som kjem – og især for dei som nyttar høyreapparat?

Kyrkjebladet sin redaktør tok ein alvorsprat med kyrkjeveva for å spørja:

Er dette verkeleg noko me lyt leva med?

Kyrkjeverje Olav Skeie Lid klør seg i sitt flisete tredagars-skjegg, og prøver seg på ei forklaring:

- Kyrkjerommet i Norheimsund har alltid vore ei utfordring. Det er harde materiale uansett kvar du snur deg, og fliser og betong gjev mykje atterklang. Me har investert i godt lydutstyr for nokre år attende – men framleis slit me. Kanskje meir enn nokon gong? Me skal i alle fall ikkje springa frå vårt ansvar – det er ikkje godt nok slik det er. Alt for mange sit og balar med å høyra, der atterklangen rullar som havbåer mellom vegger og tak, - og ikkje minst i sårbare høyreapparat.

- Den beste hjelpa hadde vore at kyrkja alltid var fullsett, smiler kyrkjeverjen – då hadde noko av problemet vore løyst. Menneske tett i tett, gjerne iført pelsskåper, hadde vore det beste. Då har lyden ingen stad å vandra, og romklangen vert nesten eliminert. Men ikkje er kyrkja alltid fullsett, og ikkje er det lov å gå i pelsskåper lenger, heller. – Ein dårleg ide, vedgår han.

- Kan det tenkjast at det burde vore fagfolk med akustisk kompetanse inne for å rådgje dykk?

- Kyrkjeverjen nikkar ettertenksomt. – Det burde det absolutt. Problemet er som alltid økonomien. Ein fullverdig akustisk rapport er eit solid stykke arbeid, og kostar fort eit sekscifra beløp. Legg så til investeringar som vert tilrådde, som gjerne kjem i same prisklasse – så skjønar ein at den økonomisk ansvarlege vegrar seg for å ta steget inn i denne prosessen.

- Men kan me leva med det slik det er?

- Kyrkjeverja dreg på det. – Det spørst kvar du legg lista. Mange sit og høyrer godt, litt etter kvar du sit i kyrkjerommet. Men heilt klart: mange høyrer alt for dårleg, og er oppriktig fortvila for dette. Kanskje mindre høgtalarar plasserte langs veggene er eit betre alternativ enn dei



store som no heng i kyrkjetaket? Utfordringa er at det er nesten umogleg å spå korleis lydbiletet endrar seg dersom ein gjer tiltak med å flytta høgtalarar. Kanskje er me i nett same båt?

- Kyrkjeverja sukkar stille. – Men me skal og må gjera noko. Me kan ikkje vera bekjente av at tunghørte går frustrerte og skuffa ut kyrkjedøra vår. Her er det berre å bretta opp ermene og gå i gang.

17.mai-toget var lite, men godt



Skulle du sett: midt i traurig budsjetthandsaming inne på kyrkjeverja sitt kontor, høyrst glad nasjonalsong ute i gangen. Og der kom dei, årets utgåve av verdas minste folketog. Det hadde sitt utspring i småbarnstreffet i kyrkja den dagen – men var utifrå kjærkome innslag i kontorfløyen vår. Til og med budsjettarbeid vart kjekkare etter besøket!

Opne kyrkjer i sommar

Det slår aldri feil: når varmen kjem og sommaren ligg utover landet – då opnar kyrkjene i Kvam sine dører. Slik også i år. Både Vikøy kyrkje og Øystese kyrkje vil ha opne kyrkjedører i store deler av sommaren. Her kan du stiga inn i dei gamle gudshus, kjenna andedrag frå generasjonar som har site her gjennom tidene, og vita at huset har romma sorg, glede – og vore ein bustad for trua til folket vårt gjennom århundre.

Opningstidene vert som følgjer:

Øystese kyrkje

Kyrkja er open i tidsrommet 10. juni til 10. august.

Opningstidene varierer litt gjennom sommaren, men i hovudsak er det ope på dagtid mellom 10 og 16, men unntak for måndagar.



Vikøy kyrkje

Denne kyrkja er også open i same tidsrommet, 10 juni til 10.

august. Her er opningstida frå kl 11 til kl 18 alle dagar, så nær som måndagar.

I tillegg vil også Norheimsund kyrkje vera open for besøk i vanleg arbeidstid, - med moglege unntak for ferieavvikling.



Ver velkomen!

Soklar til sals

Gravferdsforvaltninga fjerner kvart år eit lite hundretals gravsteinar. Dette er ein naturleg prosess, graver skal sirkulera. Desse gravsteinane vert lagra i eit års tid, før dei makulerte. Men soklane som desse gravsteinane stod på, er ofte like fine, og heilt meningslaust å makulera. Men me har ikkje noko alternativ – me kan ikkje lagra dei. Difor: har du bruk for ein sokkel til hagepynt, eller til ei steintrap, ein mur – ta kontakt med kyrkjeverja!





Til Botnen med Finn Emanuel

Frå midt i 60-åra var eg lærar på Framnes.

Det hende at forskjellige personar, etter avtale, kom til skulen for å ha timar for elevane.

Ein slik var Finn Emanuel Olsen. Ein fargerik person både i ord og bilde. Han var kunstmålar, forkynnar og reiste for Det Norske Bibelselskap. Han hadde med seg måleri og hadde utstilling, også for bygdefolk. Han samla mykje folk og me hadde kulturkveldar på Framnes der han stod for programmet.

Så i 1970 skreiv Finn Emanuel til meg og bad meg spørja sokneprest Absalon Holme om han kunne vera med på ein tur til Botnen, for der ville han gjerne ha eit vanleg møte.

Alt blei ordna på beste måten, og me for med båt frå Steinstø og inn Fykseundet: sokneprest Holme, Finn Emanuel, son vår, Håkon, på 7 år, og eg. Me var ei-

naste passasjerane i båten. Dette var jo presteskys!

Det budde berre nokre få i Botnen på den tid. Sokneprest Holme hadde sagt frå at me kom. På den måten fekk han ein liten visitas i Botnen. Om eg ikkje hugsar feil, var det fyrste gongen at Holme var der. Det kom 3 fastbuande til møtet, som var annonsert. Så me var 7 personar i skulehuset. Altfor få, ville kanskje somme meine. Men dette var midt i blinken for Finn Emmanuel. Han sette pris på små, stille stader.

Det blei eit fint møte, der han fortalte om Bibelmisjonen og tala Guds ord. Etter møtet takka me for at me fekk koma, og «botnarane» takka både soknepresten, Finn Emanuel og oss to, for besøket.

Dette var ein av dei fine dagane, med godt ver inn og ut Fykseundet. Me stod ute på dekk og såg på fjella. Såg alle ham-

relaga, brattthenga, fossane og skogen. Me fortalde om husmannsplassen Jarane, om Bruraseng og om Skåro. Det var majestetisk og vakkert. Men Finn Emanuel var ikkje berre opptatt av det han såg på fjorden og fjella. Han hadde, for litt sidan, møtt ein liten flokk menneske som han hadde forkynt Guds ord til. Dette var han tydeleg ikke ferdig med.

Då kom det ein replikk frå kunstnaren som eg ikke gløymmer: «Jeg elsker de små forsamlinger «! Han sette pris på å få møta einskildmenneske og. Midt i alt dette storfelde og vakre som me såg i naturen, tok det tak han: «Jeg elsker de små forsamlinger!»

Han visste kva slag ærend han gjekk. Han visste kva Jesus hadde sagt til sine, «For der to elle tre er samla i mitt namn, der er eg midt i mellom dei.»

Øyvind Haarr

DUGNAD VED KYRKJA OG KYRKJELYDSHUSET

20. april var det dugnad på kyrkja og kyrkjelydshuset i Strandebarm. Det var eit nydeleg vårvær der 9 personar møtte opp. Ein kosta og rakte, klipte greine. Det vart fleire trillebår lass av det. Etter 2 timar så vart det servert kaffi og saft og noko og bita i. Tusen takk til alle som var med og gjorde det trivligare rundt kyrkja og kyrkjelydshuset.

Strandebarm Sokneråd, Kåre Milje



Og sjå: det vart ljost!

Gamle sokneprestar er dugande til mangt. Sokneprest emeritus Johnny Knudsen var lei av å ikkje sjå kyrkja for berre skog frå sitt stoveglas – og kva gjer han? Lfører seg skogsutstyr og troppar opp med motorsag. I fleire dagar gnog han på – og det gjorde susen. Den aldri kvilande tilveksten av krattskog har fått ein verdig motstandar frå geistleg hald. Takk for innsatsen, Johnny!



Takk for innsatsen

På vegner av Vikøy sokneråd vil eg få retta ein spesiell takk til alle dei som stilte på dugnad i kyrkjeparken ved Norheim-sund kyrkje og på kyrkjegarden i Vikøy. Med nokre timars innsats begge stader fekk ein arbeidsam og triveleg gjeng raka vekk gammalt lauv, luka ugras og klipt vekk visne planter i bedd og lagt ny bork der det trongst. Me ynskjer alle å ha fine anlegg rundt kyrkjene våre, og difor er dette ei oppgåve fleire kan vere med på. Om du har tid til overs utover våren og sommaren, er det behov for meir dugnadshjelp også framover. Me er glade og takksame for alle som kan og vil hjelpe oss med dette. De kan ta kontakt med leiar i Vikøy sokneråd Ingvill Sørheim (95880110) eller kyrkjevenerje Olav Skeie Lid dersom dette er noko for deg!

Med venleg helsing
Ingvill Sørheim, soknerådsleiar

Kyrkjevalet 2023

Nominasjonskomiteen i Øystese si liste til valet:

Kjell Dysvik
Astrid B. Lunestad
Ruben Øystese
Therese Rykkje
Aina T.Vågen
Anne Christin Myklebust
Hilde Måge Kristiansen
Gunlaug Sekkingstad
Anne Britt Berge
Kjell Arne Gjørn

Nominasjonskomiteen i Ålvik si liste til valet:

Lisbeth Henriksen
Gudveig Aga Augestad
Arvid Auganæs
Helge Karlsøen
Åshild Egdetveit
Ida Lindøe
Anna T. Lofthus
Karianne Saksgård
Anders Kvarmestøl Aalvik
Andrè Dahle
Maria Skeie
Emma C. Aalvik
Karin Torhild Vikdal
Wenche Stokkenes

Nominasjonskomiteen i Strandebarm si liste til valet:

Margun Mikkelsen Tordal
Kjell Johannes Hoff
Jorunn Brurok Lillefosse
Helena Hoogerbrugge de Groen
Ådne Solheim
Tor Håkon Berge
Lillian Hjartåker Fosse
Renate Bakkely Nernes

Nominasjonskomiteen i Vikøy si liste til valet:

Solfrid Storaker Lindøy
Olav Skeie Lid
Tove Fjell
Brynhild Eide
Helene Flakstad Oma
Gudrun Skeie Langeland
Astrid Helleve Fylkesnes
Randi Valland Eide
Erling Lyngset
Magne Krogh Kolstad

Konfirmantar 2023

Standebarm



Foto: Eric Clement

Rad 1 (fremst) frå venstre:
Dina Malena Gravdal, Mathea
Kvamme, Malene Nesbø
Bang, Mali Almås Eide, Solveig
Måge, Tiril Maria Sleire, Anna
Augestad.

Rad 2:
Ole Jakob Linga Berge, Kris-
tina Ljones Gravdal, Madel
Skår Måge, Lena Øygard,
Amanda Økland Nernes,
Mathias Eide

Rad3 (bakerst) frå venstre:
Mampion Andriamandimby
(Kateket), Bjørnar Augestad
Norheim, Markus Leander
Strømme, Bjørke, Titas
Paulauskas, Torjan Lid-Eve,
Vetle Karlsen Eide
(Sokneprest)

Norheimsund



Foto: Eric Clement

Rad 1 (fremst) frå venstre:
Maria Øvsthus, Otilie Bjelland
Sætrenes, Dina Aarekol, Lone
Bakke Aksnes, Nora Margrethe
Fonneland, Irene Aksnes, Agnethe
Augusta Fosse-Rise, Ingeborg
Storaker Lindøy,

Rad 2 (frå venstre):
Mampion Andriamandimby, Ma-
delene Johanne Botnen, Mathea
Kongestøl Mongstad, Linde Ny-
borg, Erika Nyborg, Hanna Garen,
Emilie Kvandal, Gyri Hjartnes
Valland Tveit, Vetle Karlsen Eide
(Sokneprest)

Rad 3:
Torstein Børsting Skeie, Eric Kval-
vik, Lars Steine, Hallgeir Eide Mo,
Vinjar Voster, Trym Gårdsvoll, Jakob
Mathias Ones Rosales,

Rad 4 (bakerst) frå venstre:
Kristoffer Rueaikrathok Fonne-
land, Mathias Vik, Jakob Byrkjeland,
Vetle Steine Neteland, Leander
Bakke-Byrkjeland, Tormod Kristian
McCorkle, Julian Neteland-Bu,
George Andreas Burgess Opheim.

Konfirmantar 2023

Ålvik



Foto: Eric Clement

Fra venstre:
Torjus Grevstad, Lisa Maria Tercio Garen, Tuva Myrvold Aksnes, Nellie Lothe, Marte Sygnestveit Vines, Emma Renate Aarvik-Grongstad, Roar Strømme (sokneprest i Ålvik)

Øystese



Foto: Eric Clement

Rad 1 (fremst) frå venstre:
Synne Lundblad-Sandbakk, Emma Gjerde, Celina Huun, Emma Elida Langesæter Bjørkvall, Julia Skåre, Ariel Stryker-Vassnes, Maja Valland Vangen, Anne Marie Klyve.

Rad 2:
Simon Mæland, Kristian Fjose Steinstø, Viljar Viking Rosseland, Henrik Mo Seljebotn, Jonar Tønning Kjøsnes, Iver Tønning Madsen, Vegard Kvamsøy,

Rad 3:
Gard Laupsa, Felix Rai Kjeso, Jakob Madsen Reed, Torje Laupsa Mo, Olve Soldal, Eskil Høen Mo,

Rad 4 (bakerst) frå venstre:
Arne Olavson Øystese (Sokneprest), Mikal Marco Strømme, Gard Brattli Soma, Askil Huse, Torstein Mauricio Nordås, Eivind Daniel Brakvatne Røed,

St. Nikolai-gildet i Øystese

Ove-Kjell Sakseid

Fast spaltist i Prestar i Kvam



I ein del bygder i Noreg var det «gilde» knytt til kyrkja i gammal tid, og oppstod i siste halvdel av 11. århundre. Gilda hadde ofte knytt seg til eit heilagmenneske. Det var mange gilde knytt til heilag-Olav her i Noreg, sjølv sagt, men også til andre. Gildet som fanst i Øystese, var knytt til St. Nikolai.



Sjølve ordet kan tyda samkome, fest, drikkegilde, laug eller betaling. Det var svært så vanleg å stadfesta ein handel med kjøpskål, eller med å eta eit måltid saman. Og den skikken fanst ikkje berre her i landet, men over store deler av verda.

Gilda vart oppretta stort sett i den katolske tida, men har i grunn røter i organisasjonar heilt fram til i våre dagar. No er dei noko frigjort frå kyrkja, men føremålet er til dels det same som i gammal tid: Medlemmene skal ta vare på kvarandre, og driva hjelpearbeid.

Om det var slik i starten, som det er i dag, med noko lukka samfunn, skal eg ikkje seia, men somme av grupperingane i dag likar ikkje for mange spørsmål kring organisasjonane sine. Ein av dei organisasjonane som viser att i våre bygder, er Lions. Mange, både lokalt og internasjonalt, har sett resultat av arbeidet deira. Elles er vel Rotary og Odd Fellow dei mest kjende i dag.

Her i Hardanger var det fleire område som hadde sine gilde. Kinsarvik hadde sitt St. Olavsgilde. Det var i funksjon

fram til rundt 1700. No høyrer ikkje Onarheim med til Hardanger, men staden hadde også eit St. Olavsgilde. Mange både frå Voss og Hardanger orienterte seg mot Onarheim, og på kyrkjegarden er det ein eigen Vossa-teig.

Gildet i Øystese er knytt til St. Nikolai. Og la oss sitera frå O. Olafsen «Kvam i nutid og fortid»: «I Øystese var St. Nikolai gilde om hvilket vi har et diplom fra Torsnes af 30. desbr. 1482*). Biskop Olaf i Hole, som var fra Torsnes, utstedte nævnte dag et brev hvori han efter begjering at oldermanden i St. Nikolai gilde i Øystese tilstod gildets brødre og søstre, naar de skrifter og bøder for sine synder, 30 dagers aflad og ligesaa alle gildets velgjørere. Dette er saavidt vides det eneste historiske vidnesbyrd, vi har, om gildet i Øystese.»

Kvart gilde hadde si «gildeskra» - gildelov. Der gjekk det fram kven som kunne bli medlem, kva dei skulle gjera, og straff for dei som ikkje retta seg etter lovene.

På mange måtar verka gildet som eit trygdelaug. Brann det hos eit medlem, var dei andre forplikta til å vera med å føra opp nye hus. Miste ein mann for mykje av godset sitt, skulle dei andre støtta han.

Gildeskraa for Kinsarvik er tilgjengeleg slik O. Olafsen presenterer henne i «Kvam i fortid og nutid», og me siterer: «Gildet skulle holdes hver sommar Kristus, fru Maria og den hellige Olaf konge til tak, os til helse og godt aar og fred og miskundhed. Hvert medlem af gildet

skulde yde en vis del malt samt voks (til lys). Ligesa skulde hver mand eller kone medbringe et traug og to skeer. Der skulde betales indskrivningspenge, naar man optoges i gildet. Den ældste søn havde ret til at tage faderens plads i gildet i arv, om han ønskede det. Gildebrødrene maatte ikke trætte i gildet og ikke bruge styg mund. For væddemaal maatte man betale bod. Foruden den aarlige fest kunde der holdes stævne, naar nogen indbød dertil eller styret sammenkaldte det. Alle var pliktige til at møde, naar man fik bud. Ingen gildebroder skulde komme bevæbnet til gildet. Alle medlemmer var pliktige til at laane hverandre kopper og kar; men de skulde sendes tilbage i samme stand, hvori de var udlaanet.

Den, som slog ned saa meget øl, at det ei kunde dækkes med den flade haand, skulde bøde 3 penninger.»

Kyrkjegang var obligatorisk. Om dei ikkje møtte, vart det bot.

«Blev en gildebroder dræbt, skulde alle brødre følge eftermaalsmanden og yde dem al den hjælp, de formaar for at faa bøder for drapet eller hævn. Men den, som var i slægt med drapsmanden indtil 4de led, var fritaget for at være med. Dersom en gildebroder dræbte en anden broder, da skulde han fare bort og være alles niding og aldrig vise sig mere blant dem.»

Slik det kan sjå ut, var gildene til for mellomskiktet i samfunnet. Dei som var dårlegast stilt, måtte bli i sin klasse. Samfunnet var delt i ein overklasse, ein mellomklasse, og ein underklasse.

Er du ein nøkkelperson?

Det minkar jamnt og trutt på nøklar til kyrkjene i Øystese og Norheimsund i nøkkelskåpet til kyrkjevevja. På eit eller anna mystisk vis vert dei borte? Ikkje bra. Difor: om du sit der og lurar på kvar den ukjende nøkkelen på di nøkkelhank passar inn, - så er det kanskje ein kyrkjenøkkel som du har lånt ein gong i tida? Nøklane er merka V 56036, og V 50016.

Sjekk nøkkelhanka di med ein gong!



Babysong under kyrkjekvelven

Den store fargeduken svevar nesten lydlaust over dei små, der dei ligg og undrar seg over fargane og ljuset. Det luftige kyrkjerommet i Noreheimsund er ein god stad å tilbringa føremiddagen på, synest dei 22 små som har funne vegen til kyrkja denne dagen, saman med mødre og bestemødre. Ein og annan far er å finna, men det feminine innslaget er overveldande.

Bryna Opdal, trusopplærer i kyrkja, synest babysong er vakkert. - Det representerer noko uendeleg vart og fint, seier ho. Her kjem me til Guds hus med det aller mest verdifulle vi har, og så er me berre tilstades i dette rommet, i saman i Guds nærvere. - Noko meir treng me i grunnen ikkje, nokon av oss menneske, seier ho med eit smil.



Foto: Olav Skeie Lid

Trude Bjotveit Eknes og vesle Jonar tenner ljus.



Foto: Xx

Bokdraumen



Borghild Tufteland.

Natt til 21. januar hadde eg ein draum som inneheldt ei viktig oppfordring til oss alle:

Eg drøymde om eit bittelite folk som snakka eit veldig rart, lite språk. Folk stod med løfta armar. Dei såg oppover med strålende, forventningsfulle auge. Medan dei stod slik, regna det bøker nedover dei, men det rare var at alle bøkene var lukka. I draumen lurte eg veldig på kven menneska var. Så kom eg til å tenkja på at Noreg er eit svært lite land. Me tilhøyrer eit lite folk, og for menneske som ikkje kan norsk, høyrer nok språket vårt heilt merkeleg ut. Eg trur ikkje det er mange land i verda det har «regna» så rikeleg med biblar ned over. Tenk etter. Har du ein Bibel i heimen din? Har du fleire? Kanskje du

har ein barnebibel, ein konfirmantbibel eller eit nytestamente. Viss du har gifta deg i kyrkja, har du fått ein fin Bibel i gåve der. Eg veit at mange les i Bibelen sin dagleg, og har stor glede av det, men eg trur dessverre at det ikkje er få bøker som står fint til pynt med ryggen ut i mange bokhyller. Biblane er lukka. Den viktige meldinga i draumen, er at Gud ønsker du skal opna Bibelen din og lesa. Når du les, vil Han gjera Ordet levande for deg – kvar dag! Viss du ikkje har lese så mykje i denne boka før, er det lurt å starta i Det nye testamentet. Det er der du blir best kjend med Jesus Kristus.

Borghild Tufteland



Menneskemøte i Nepal

I mars i år reiste Tore og eg til Nepal for å ha tid med vener – og kanskje vera til oppmuntring for nokon. Det vart fire veker med sterke menneskemøte på både godt og vondt.

Ei av dei me hadde tid saman med, var Doji. Me har kjent henne lenge, men eigentleg aldri høyrte historia hennar.



Doji Foto:Tore Skeie

Ho kjem frå Darjeeling i India, og har indisk statsborgarskap, men er nepalar. Ho fortel at før ho kom til Nepal, blei ho glad i ein mann og dei ville gifta seg. Problemet var berre at ho var buddhist og han kristen. Familien hans kravde at ho måtte bli kristen før dei kunne gifta seg. Ja, det er vel ikkje noko problem, tenkte ho, og skifta gladeleg religion for den ho var glad i. Ho hadde ikkje noko forhold til si kristne tru, og seier sjølv at det var berre ein religion å tilhøyra.

Både Doji og mannen er lærarutdanna, og etter kvart kom ekteparet til Nepal der det var stort behov for lærarar. Doji fekk jobb på ECEC, (utdannings-senter for førkulelærarar som er starta av misjonen). Ho blei teken vel imot, og følte ho fekk utvikla seg som lærar.

Det var berre eitt problem; dagen starta alltid med morgonandakt, og det gjekk på rundgang å be for dagen. Doji visste ikkje korleis ein ber og fortel at ho var livredd for at det skulle bli hennar tur. Kvar morgon på veg til jobb sa ho: «Don't embarrass me Lord,» (ikkje gjer meg flau, Gud.) Og Gud svarte på bønna – frå ei som ikkje kjende han. Ho blei aldri utfordra til å be, men litt etter litt seig trua inn, seier ho. Dei små dryppa frå kollegaer og morgonandaktane skapte tru, og i dag snakkar ho frimodig om kven ho trur på.

Doji brenn for jobben sin. Ho har vore med å tilpassa ICDP (eit familie-vegleiingsprogram om born si utvikling), til nepalske forhold. ICDP er utvikla av ein nordmann og lett å tilpassa til andre kulturar. «Det er som skapt for land i Asia,» seier Doji. Her blir ikkje borna rekna med eller respekterte som personar før dei er vaksne – noko som gjer at mange born har vonde opplevingar med seg frå barndomen. «Her tenkjer ein at born ikkje kan oppleve sorg eller andre kjensler», seier Doji. «Tenk t.d. på alle som opplever at foreldra reiser utanlands på arbeid og let borna vera att i andre si omsorg, eller mangel på slik. Born blir ikkje tekne med på råd eller i samtale,

dei blir berre fortalde at slik er det». Doji fortel at dei ofte brukar bilete på foreldrekursa. Eit bilete som tydeleg vekker kjensler og gjenkjenning hos mange av foreldra, er av eit barn som står og gret og ser ryggen til foreldra som går sin veg. Gjennom møte med og bearbeiding av opplevingar frå eigen barndom, blir foreldra inspirerte til å jobba med relasjonen til borna sine.

«Dette programmet har endra livet mitt,» seier Doji. «Eg relaterer til borna mine og familien min på ein heilt ny måte, eg ser dei annleis enn før.»

Det same seier mange foreldre som tek del i dette programmet. «ICDP er noko vi treng i dette landet», seier ho. Nyleg reiste ho og ein kollega til Thailand for å introdusera ICDP der. Dei opplevde at det gjekk «rett inn». Mange av dei same utfordringane som nepalske foreldre opplever, kunne foreldra i Thailand kjenna seg att i.

HimalPartner var instrument for å introdusera dette programmet i Nepal. Det er utruleg oppmuntrande å sjå at det spreier seg – og at mange born får ein betre kvardag gjennom arbeidet til Doji og medarbeidarane hennar.

Helsing Ragnhild og Tore



Foto:Tore Skeie

GUDSTENESTER I SOKNA

25. juni

Øystese kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Arne O. Øystese

2. juli

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Roar Strømme

9. juli

Åse Friluftsgudstenestestad kl.
11.00
Vikarprest David Vogel
Friluftsgudsteneste på Oma

16. juli

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Vikarprest David Vogel

23. juli

Øystese kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Arne O. Øystese

30. juli

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Arne O. Øystese

6. august

Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Arne O. Øystese

13. august

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

20. august

Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

20. august

Øystese kyrkje
Vikarprest Roar Strømme
Evt. friluftsgudsteneste, sjå lysing
i HF.

27. august

Ålvik kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Roar Strømme

27. august

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF!

FRÅ KYRKJEBØKENE



Dåp

Ålvik sokn

Fredrik Auganes Windsrygg

Øystese sokn

Sarafina Kolala Folkmann
Eirik Fosse Øyri
Arthur Neteland Høyland
Anton Aa Sandven
Silje Rykken
Marius Rykkje Duong
Sienna Sofia Duong

Vikøy sokn

Markus Eikeland Mæland
Marielle Torsvik Haugsøen
Jone Børven
Erle Vågen-Tveiten

Strandebarm sokn

Sverre Oma Bergheim
Adrian Børsheim
Lukas Punzalan Børsheim



Gravferd

Ålvik sokn

Sigurd Aga (f. 1960)
Anna Auganes (f. 1929)
Arne Lilletveit (f. 1935)
Tordis Karin Elvatun (f. 1955)

Øystese sokn

Bertha Soma (f. 1958)
Bjørn Haug (f. 1939)
Anna Margrethe Holst (f. 1935)

Vikøy sokn

Sigmund Johan Kleiven (f. 1930)
Eldrid Tveit (f. 1936)
Arvid Hellene (f. 1937)
Ingebjørg Steinsvoll (f. 1956)

Strandebarm sokn

Johannes Riise (f. 1949)
Trygve Oddvar Torgilsteit (f. 1947)
Sjur Ivarhus (f. 1960)
Einar Røyrvik (f. 1946)
Solveig Pernille Oma (f. 1924)



Vigde

Strandebarm sokn

Amalie Kvåle og Øystein Mørner
Synnøve Tvedt Skarstein og
Bent-Christer Rustad Pedersen

Vikøy sokn

Amalie Goflebakke Gjøg og
Mathias Kløløck Brodersen

Øystese sokn

Kristine Reutz Nøttveit og
Eirik Tvetter Willand



Full konsentrasjon

Det er alltid godt å ha gode medhjelparar når vanskelege ting skal spelast. Kva er då betre enn at heile familien stiller som heigjeng når mamma Sevi skal gjennomføra intrikate orgelstykkje?

Her er mannen Terje og borna Aina og Eldar skikkeleg pålogga.

SOMMAR KONSERTAR



- Fredag 16.juni
- Fredag 23.juni
- Fredag 30.juni
- Fredag 4.august
- Fredag 11.august
- Fredag 18.august



SOMMER MUSIKK FRA HARDANGER



NORHEIMSUND
KIRKE

16./23./30.6. KL. 18.30
FRIDAYS IN JUNE 6.30 PM

CONCERT WITH 3
PROFESSIONAL MUSICIANS

ENTRY TICKET kr 100,-

Ynskjer du ei velstelt grav heile året?

Me kan tilby stell og montering av EMPERI.
Kan også ta oppussing og oppretting av gravsteinar.

For informasjon og avtalar ta kontakt med Rusk og Rask
v/ Arvid Strømme tlf. 99597848.



Byggmeister
PER AUGESTAD A/S

Tlf. 56 55 28 70 • Mob.: 950 59 910

Epost: per@peraugestad.no heimeside: www.peraugestad.no

MESTERHUS
www.mesterhus.no



Bjelland

Briller - kontaktlinser - ur

www.optikar-bjelland.no tlf.: 56 55 20 50

**HB HARDANGER
BYGGSENTER**

www.hardangerbyggsenter.no

Bt BYGGtorget MESTERHUS
- det blir som avtalt



KVAM 
KRAFTVERK

Til deg! For deg!

 **SparebankenVest**
- satsar på vestlandet

www.spv.no | Tlf. 05555

Tid for plenslått

Det er mai i Noreg. Graset gror og aldri er trøkket større på telefon og mail til kyrkjeverja enn i desse dagar: vert kyrkjegardane slått i rett tid og på rett måte? Det er eksamen for oss kvar vår, og kravet frå innbyggjarane i Kvam er unisont: **me vil at kyrkjegardane våre skal skina.** Det er eit krav som me i kyrkja gjerne tek innover oss, og som me prøver leva opp til kvar dag. Ikkje alltid lukkast me, men me prøver. Det er også eit krav som gjer oss audmjuke for den plass kyrkjegarden har i våre liv, der liv og død møtest, og der minna lever. I år er det slik at me har satsa på eigne krefter når det gjeld plenslått. I indre strok, frå Ålvik til Tørvikbygd, er

det Bjørn Kåre Thorvaldsen som er i sving. Han er til dagleg både kyrkje-tenar og kyrkjegardsarbeidar, men har no klatra opp på plentraktoren sin på heiltid. Han kjem ikkje ned att før oktober er her med snøbyger i vestavinden.

I ytre strok er det Leiv Magnar Fosse som har fått ansvaret for at det ser vakkert og velstelt ut. Strandebarm og Mundheim er hans domene, og han har gjort dette før – dette kan han.

Ei lita presisering frå kyrkja si side: me skal halda plenane nyslåtte og vakre så ofte som ressursar og vertilhøve gjer det mogeleg. Men nei:

Olav Skeie Lid

Fungerande kyrkjeverje i Kvam



me finpussar ikkje kring alle gravsteinar. Med 8000 graver i Kvam er det eit arbeid som ville teke meir tid og krefter enn det me har til rådvelde. Difor: ta med deg den batteridrivne kantklipparen din og puss fint kring gravsteinen til dei du har ansvar for. Då vert summen så bra: offentleg og privat innsats hand i hand, - og kyrkjegardane vert dei gode minnelundane me vil dei skal vera. Ta med eit lite hjartesukk frå desse karane som steller kyrkjegarden: ikkje legg småstein og pyntegenstandar oppå gravstein eller på bedplate framfor plantefelt! Desse hamnar fort i graset, og vert farlege prosjektil i møte med plenklipparen sine knivar. Mange nyttar også baksida av gravsteinen som lagerplass for gravlykter etc. Dette er ikkje greit, og me bed om at føresegnene for kyrkjegarden vert respektert også på dette punktet. Og ikkje minst: sjå oppmodinga frå soknerådsleiar Kåre Milje annan stad i bladet. Billege eingongs-gravlykter representerer ein stor risiko for skade på dyr, når desse hamnar i silo eller i høypallar. Dette gjeld spesielt i Strandebarm. Vis omsyn!

God sommar!



Bilete av dei to sláttekarane våre, Leiv Magnar Fosse og Bjørn Kåre Thorvaldsen.

LYS OG LYSBRUK PÅ GRAVPLASSEN

Ingen ting er så fint som å sjå ein kyrkjegard full av tende gravlys ikkje minst når det er mørkt ute.

Når lyset så er oppbrent kjem miljøproblemet.

På dei fleste gravlys er det eit aluminiumsdeksel det er dette som skapar problem og forsøppling. Fuglar legg sin elsk på dette dekselet og tar det med seg for så å sleppa det ned over alt.

I Strandebarm skjer dette mykje på bakkaner rundt kyrkja som er slåttemark. Får ein dette i foret og dyra får det i seg, så er dette til stor skade og i verste fall må ein avliva dyret.

Soknerådet oppfordrar difor bruk av lykter der ein kan setja lys inni, eller til å bruka gravlys utan aluminium. Batterilyser er ein god ting å bruka.

Ein håpar att dei som går til kyrkjegarden i Strandebarm har forståelse for dette slik att ein unngår slik forsøppling.

Strandebarm Soknerådet

Kåre Milje



Krølletreff

Kva er krølletreff?, spurde ei mamma i kyrkja her om dagen. Ja, kva er linken mellom kvite og søte smålam, både av naturleg storleik og art, og dei meir mjuke og små som har gøymt seg i kyrkjenenkene og bak døypefonten, - og kyrkja sin evige bodskap?

Her er det rom for mange assosiasjonar og teologiske utgreiingar for den som vil. Men for ein liten tre-åring er det heilt uvesentleg – det viktigaste er at lammet som brekar utanfor kyrkja, er mjukt og levande, og at lammet som han får som gåve når han dreg heim att, er så utruleg mjukt å kosa med.

Krølletreff høyrer våren til, og alle som er døypte i Den norske kyrkja, vert inviterte til krølletreff - men alle tre-åringar er velkomne! Og skal tru om ikkje Han som er kyrkja sin Herre, og som også har tilnamnet den gode gjetar, smiler og syns at symbolikken og koplinga er framifrå?



Krølletreff i Norheimsund 4.mai.



Foto: Elisabeth Fosse

Krølletreff i Ålvik kyrkje, kvart 3.år med 3 årskull om gongen (3-, 4- og 5-åringar). I mangel av lam gjer ein ekte geitekilling nytten!



Krølletreff i Øystese 11.mai.